



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

Kommunal- og regionaldepartementet
Kommunalavdelinga
Postboks 8129 Dep.

0032 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2008/633	4488/2008 / 010		SER / KVAKAR	02.09.2008

MELDING OM VEDTAK

Uttale: Høyring om endringar i vallova og kommunelova

Kommunestyret handsama i møte den 01.09.08 – sak 81/08. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 27.06.08 om endringar i vallova og kommunelova:

Kommunen er skeptisk til forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00, og forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.

Elles har kommunen ingen merknader til føreslegne lovendringar.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
Konsulent



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Avd/Saksansv:</i>
2008/633	010	SER/KVAKAR

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
132/2008	Formannskapet	18.08.2008
81/2008	Kommunestyret	01.09.2008

Uttale: Høyring om endringar i vallova og kommunelova

Tilråding:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 27.06.08 om endringar i vallova og kommunelova:

Kommunen er skeptisk til forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00, og forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde dagars val.

Elles har kommunen ingen merknader til føreslegne lovendringar.

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høyring forslag til enkelte endringar i vallova og kommunelova; jfr. vedlagde utvalde sider frå høyringsnotatet. Heile høyringsnotatet på 80 sider er tilgjengeleg på departementet side internettsider.

Vurdering og konklusjon:

- Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting"; dvs. at veljarane frå 1. juli skal ha høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.

Dette er eit tilbod til veljarar som ikkje har høve til røyste i perioden frå 10. august og fram til valdagen, og vil gjelde eit lite mindretal av veljarane. Positivt tiltak for dei som elles ville fått vanskar med å røyste.

- Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl. 21.00. Forslag om at ein tredel av medlemne i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00.

Etter gjeldande lovverk må vallokala stenge kl. 20.00 på valdagen. Valstyret i den enkelte kommune fastset kor lenge vallokala skal halde ope. I Vanylven har vallokala vore opne til kl. 18.00 ved dei siste vala. Vi har ingen merknader til forslaget om at vallokala kan halde ope til kl. 21.00.

Forslaget om at eit mindretal i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00 og dermed kan omgjere vedtak i valstyret om opningstida, stiller vi oss skeptiske til. Departementet peikar på at det er eit generelt prinsipp i gjeldande lover at det er fleirtalet i eit organ som står bak vedtak dette organet gjer. Dette prinsippet meiner departementet vi skal verne om. Departementet meiner likevel at det i nokre samanhengar er rett å styrkje mindretalsrettar og gje mindretalet i organet auka innverknad.

- Forslag om at ein tredel av medlemne i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde dagars val.

Valdagen er som kjent ein måndag. Kommunestyret kan likevel sjølv bestemme at det skal vere mogleg å røyste ein eller fleire stader i kommunen også på søndagen før den offisielle valdagen.

I Vanylven har vi ikkje hatt dagars val.

Også her er stiller vi oss skeptiske til at mindretalet bestemmer. Dette kan opne for uheldige utglidingar etter kvart, dersom ein først byrjar med å gje mindretalet det endelege ordet.

- Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.

Dette er sanksjonar for dei som offentleggjer valresultat og prognosar før alle vallokala i landet er stengde. Ingen merknad.

- Forslag om heimel for valobservasjon.

Norge er gjennom ulike internasjonale konvensjonar og dokument forplikta til både å invitere og å ta imot nasjonale og internasjonale valobservatørar.

Det vert i notatet opplyst at gjeldande vallovgjeving har ingen føresegner om valobservasjon. Departementet har då ingen heimel korkje til å skrive ut akkreditering for observatørar, til å legge til rette for valobservasjon eller til å pålegge kommunane å ta mot observatørar. Ein skriv vidare: "Slik departementet ser det, er det likevel ikkje tvilsamt at Noreg gjennom forpliktingane sine i mellom anna OSSE og Europarådet er forplikta til å legge til rette for slik valobservasjon."

Etter forslaget må alle norske kommunar vere budde på å ta imot nasjonale og internasjonale valobservatørar ved alle all val, og vere forplikta til å ta i mot alle akkrediterte valobservatørar.

Ut i frå Norge sine internasjonale forpliktingar er det vanskeleg å argumentere mot dette forslaget.

- *Forslag om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgjevande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.* Lokale folkerøystingar er innarbeidd praksis i det norske lokaldemokratiet. Likevel har korkje vallova eller kommunelova føresegn om lokale folkerøystingar. Kommunelova byggjer på det representative systemet.

Vi tykkjer det er fint at det kjem inn ei slik prinsippføresegn i kommunelova. Dette er ikkje meint som noko utvida bruk av folkerøystingar. Folkerøystingar skal berre skje i heilt spesielle saker.

Fiskåbygd, 11.08.2008

Einar Vik Arset
rådmann

Kåre Kvangarsnes
konsulent

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes tilråding som framlegget.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 27.06.08 om endringar i vallova og kommunelova:

Kommunen er skeptisk til forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00, og forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde dagens val.

Elles har kommunen ingen merknader til foreslegne lovendringar.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Vanylven kommune viser til høyringsnotat av 27.06.08 om endringar i vallova og kommunelova:

Kommunen er skeptisk til forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00, og forslaget om at ein tredel av medlemane i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde dagars val.

Elles har kommunen ingen merknader til føreslegne lovendringar.